

Representanten **Marthe Hammer** (SV) har stilt slikt spørsmål:

Under handsaming av utredning om hurtigbåttilbod mot Sotra i mai vart det sagt at det kunne vere ein muligheit at leverandøren og den som skal bygge Sotrasambandet også skal ha ein plan for forsvarleg trafikkavvikling, og at det kan vere aktuelt at denne leverandøren kan bidra til å realisere eit båttilbod mellom Sotra og Bergen. Er det noko nytt i den samanheng?

Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport:

Det har vore kontakt med Prosjektleder i Sotrasambandet, Arve Tjønn Rinde. Prosjektet er inne i ein hektisk fase med konkurransen for bygginga av heile prosjektet. Prosjektleder ville kome attende etter at tildeling har skjedd, slik at det er mogeleg å vurdere ulike tiltak for å redusere trafikken i anleggsperioden. Det er i ein slik samanheng det kunne vere mogeleg å tenka seg eit bidrag til drift av hurtigbåt. Slik kontakt er avtala i løpet av oktober.